



Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk
kirkeråd
Postboks 799 Sentrum

0106 OSLO

Dato: 14.09.2021

Vår ref: 21/02550-3

Dykkar ref:

Høyringsvar frå Bjørgvin bispedømeråd på høyring om reglar for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett

Bjørgvin bispedømeråd har i møte 14. september 2021 vedatt fylgjande høyringsuttale i høyring om reglar for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett:

Høyrings spørsmål 1: Støtter høringsinstansen forslaget om å skille ut reglene om valg av prest og lek kirkelig tilsatt fra kirkevalgreglene?

Ja.

Vi ser ingen ulempe med å skilja ut reglane, det gjev eit regelverk som er lettare å orientera seg i, særleg for sokneråda som ikkje har noko ansvar i det heile for val av prest og lek tilsett.

Høyrings spørsmål 2: Støtter høringsinstansen forslaget om at valg av prest og lek kirkelig tilsatt til bispedømmeråd og kirkemøte blir gjennomført som heldigitalt valg?

Ja.

Digitalt val vil gjera det enklare for dei fleste å stemma og kan derfor gje høgare valdeltaking. Det vil vidare ikkje vera mogeleg å levera røystesetlar som ikkje er korrekt utfylte, dersom ein t.d. ikkje merkar av kva kandidatar ein vil velja, vil det ikkje vera mogeleg å senda inn røysta.

Vi føreset at det digitale valet let seg gjennomføra også for blinde og svaksynte.

Vi reknar med at oppteljinga også blir enklare og meir automatisert ved denne valforma. Desse vala er såpass små i omfang at det vil vera ein god stad å starta med digitalt val.

Ei innvending mot digitale val kan vera uro for at nokon veljarar ikkje får røysta hemmeleg eller upåverka av andre. For denne veljargruppa er vi ikkje redde for dette, og risikoen for dette er ikkje større ved digitalt val enn ved postval.

Eit ytterlegare argument for digitalt val, er at veljaren har ein «angremulighet». Veljaren kan nemleg senda inn ein ny røystesetel dersom vedkommande gjorde ein feil ved den første innsendinga, eller dersom vedkommande skiftar meining. Det er den siste innsende røystegjevinga som vil telja, jfr. § 4-1 (7).

Ved digitalt val er det viktig med grundig informasjon i god tid på førehand slik at dei som eventuelt ikkje har Bank-ID eller annan verifiseringsløyising, kan få dette på plass.

Det kan tenkast at nokre få veljarar ikkje har tilgang på datamaskin eller ikkje ønsker å bruka ei digital løyising. For å bøta på dette bør det òg vera mogleg å stemma frå mobiltelefon, og det bør vurderast om det kan leggjast til rette for at ein kan stemma frå ei datamaskin på eit kyrkjekontor. Uansett vil ulempa med digitale val etter meininga vår vera mindre enn dei fordelane som digitalt val gir. Ikkje minst vil digitalt val har potensiale til auka valdeltaking.

Høyningsspørsmål 3. Har høringsinstansen merknader til forslagene om beredskapsprosedyre og regler for omvalg ved ekstraordinære hendelser?

Ja.

Vi støttar at det må finnast ei manuell reserveløyising dersom det oppstår tekniske problem, eller omval ved ekstraordinære hendingar som til dømes ein pandemi. Vi er visse på at staben ved bispedømekontoret kan behandle innkomne røystesetlar og teljing av røyster ved val av prest og lek tilsett.

Høyningsspørsmål 4. Har høringsinstansen merknader til regelforslagene for preferansevalg eller flertallsvalg?

Ja.

I § 3.1. (2) står det at «Valgrådet skal i samarbeid med kirkevergen ved prostesetet innkalle de leke kirkelig tilsatte i hvert prosti til et møte hvor de leke kirkelig tilsatte velger et medlem og et varamedlem til nominasjonskomiteen for lek kirkelig tilsatte.»

Denne ordninga har vore sær sær ressurskrevjande og den har møtt mykje motstand blant dei som har ansvar for å gjennomføra den. Vi føreset at dette møtet kan gjennomførast digitalt, noko som vil gjera det reelt mogeleg å få til. For ordens skuld bør dette stå i regelen ved at ein nyttar ei formulering om lag som denne: «... et fysisk eller digitalt møte hvor de leke....».

Høyningsspørsmål 5 og 6. Har høringsinstansen merknader til forslagene om nye frister/skjæringsdato?

Ja.

Fristen om å senda inn forslag til kandidatar er foreslått flytta frå 1. mars til 1. februar. Melding til dei tilsette om dette skal sendast ut innan 15. desember. Det er knapp tid, men vil truleg vera mogeleg å gjennomføra.

Skjæringsdato 1. juni kan virka urimeleg på dei som sluttar eller tek til i ny stilling mellom 1. juni og valdagen, men er ein fordel for dei som har ansvar for å gjennomføra valet.

Høyningsspørsmål 7. Har høringsinstansen andre merknader til forslaget til regler?

Ja.

Som Agder og Telemark bispedømekontor har gjort merksam på, vil eit krav om at ein er tilsett med ein jobb på 15 timar i veka slå ulikt ut i prosentstilling for ulike typar arbeidsgrupper. Ein tilsett organist med helgearbeid vil til dømes arbeida 14,2 timar i veka ved 40 prosent stilling, medan ein tilsett med meir kvardagsjobbing i 40 % stilling, vil ha ei arbeidsveke på 15 timar.

§§ 2-1 og 2-2 bør difor endrast frå «15 timar i veka» til «40 prosent stilling». Bakgrunnen er at folk som jobbar i kyrkja og har helgearbeid som ein fast del av arbeidsplanen, og dermed ei arbeidsveke på 35,5 timar i heil stilling, med dagens reglar ikkje vil ha røysterett i ein 40 prosents stilling. Arbeidsveka deira utgjer 14,2 timar. Ein annan kyrkjeleg tilsett med 37,5 timars arbeidsveke i heil stilling, vil ha ei arbeidsveke på 15 timar i ein 40 prosents stilling. Dermed vil sistnemnde gruppe ha røysterett. Denne forskjellen er uheldig og kan unngåast ved å endra reglane slik at tilsette med minst 40 prosents stilling får røysterett.

Med helsing

Jan Ove Fjellveit
stiftsdirektør

Tore Skjæveland
kyrkjefagsjef

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk
kirkeråd

Postboks 799
Sentrum

0106 OSLO